

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I ADOPTERTE – 13.02.2021 PÅ TEAMS

Saksliste

1	Godkjenning av innkalling og dagsorden
2	Valg av møteleder/ordstyrer
3	Valg av referenter
4	Valg av tellekorps
5	Valg av protokollunderskrivere
6	Årsmelding 2020
7	Økonomisk rapport 2020
8	Revisorrapport 2020
9	Godkjenning av regnskap 2020
10	Kontingent 2021
11	Budsjett 2021
12	Innkomne forslag
13	Valg av leder
14	Valg av styre
15	Valg av revisor
16	Valg av valgkomite

Leiar i Adopterte, Marilyn Førstund, ønska velkommen og opna Årsmøtet.

Årsmøtet starta klokka 10.00

Tal på møtedeltakarar frå start: 19, 17 med stemmerett, 2 utan stemmerett, men med uttalerett. Etterkvart kom 3 medlemmer inn i årsmøtet, d.v.s. at årsmøtet då hadde 20 med stemmerett til stades (kl.11.20) Klokka 13 gjekk eitt medlem ut av møtet og klokka 14.15 gjekk eit anna medlem ut av møtet.

Marilyn minnst eit medlem som døde nyleg og lyste fred over hennar minne.

Styret presenterte seg for årsmøtet. Det same gjorde valkomiteen.

Sak 1 -21: Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Vedtak: Godkjent.

Sak 2-21: Val av møteleiar/ordstyrar.

Vedtak: Møteleiar: Marilyn Førsund

Ordstyrar: Ingeborg Høstmark Kroknes

-

Sak 3-21: Val av referentar.

Vedtak: Solveig Røynstrand, Hans Günther Bonenberger

Sak 4-21: Val av teljekorps.

Vedtak: Jorunn Eid Fuglu, Thor Kristian Ringsbu

Sak 5-21: Val av protokollunderskrivarar.

Vedtak: Gry Nordstrand, Linda Bakke Jensen.

Sak 6-21: Årsmelding for Adopterte 2020.

Leiar Marilyn Førsund las opp årsmeldinga.

Vedtak: Godkjent av Årsmøtet (100%).

Kommentarar frå medlemmer:

Ei svært fyldig og god årsmelding.

Fleire medlemmer kom med innspel om korleis Adopterte kan profilera seg, og korleis adopterte kan finna kvarandre for å utveksla erfaringar m.m.

Styret ynskjer at medlemmene formulerer forslag dei måtte ha skriftleg, og sender inn til styret.

Sak 7-21: Økonomisk rapport for Adopterte 2020.

Økonomiansvarleg Liv Irene Halden gjekk gjennom økonomirapporten.

Vedtak: Godkjent av Årsmøtet (100%).

Sak 8-21: Revisorrapport for Adopterte 2020.

Revisor Stig Arne Nilsen har godkjent rekneskapen i sin revisjonsberetning.

Liv Irene Halden las opp revisorrapporten til orientering for årsmøtet.

Forslag frå medlem:

Ved årsmøte 2022 blir Revisorrapporten lagt ved sak «Godkjenning av rekneskap» Altså ikkje som eiga sak i årsmøtedokumenta.

Sak 9-21: Godkjenning av rekneskap for Adopterte 2020.

Kommentar: Fotnote 5 er plassert feil, skal stå ved «Møter medlemsarrangement»

Vedtak: Godkjent av Årsmøtet (100%).

Sak 10-21: Medlemskontingent i Adopterte 2021.

Vedtak: Medlemskontingenten blir uforandra i 2021 (100%).

Sak 11-21: Budsjett for Adopterte i 2021.

Marilyn orienterte om posten «Driftsstøtte». Adopterte har søkt om støtte også for 2021, men p.g.a. nok ei omlegging i søknadsrutine/-prosess, og diverse dokumentasjonar som skal på plass, er det litt uvisst korleis dette kan slå ut. I tillegg viser 2020- rekneskapen eit pluss, det kan også vera eit usikkert moment i forhold til driftsstøtte for 2021. Styret håpar likevel på støtte som i dei siste åra.

Vedtak: Godkjent av Årsmøtet (100%).

Sak 12-21: Innkomne forslag.

12/1: Styrehonorar for 2021

Styret la fram forslag om styrehonorar for 2021.

Vedtak: Vedtatt av Årsmøtet (100%).

12/2: Lukka medlemsforum

Styret la fram sitt forslag om å behalda lukka forum på FB.

Vedtak: Vedtatt av Årsmøtet (100%).

12/3: Vedtektsendring §7- Styret

Ei vedtektsendring må vedtas av Årsmøtet, med 2/3 fleirtal.

Forslag a) Valkomiteen blir utvida til 3 medlemmer, velges for to år.

Vedtak: 95 % av medlemmene stemte for forslag a. Endringa er vedtatt.

Forslag b fell med dette bort.

12/4: Forslag frå medlem

Forslag 1) A.,B.,C.,D. Sjå i årsmøtepapira.

Fleire medlemmer kom med innspel om ulike måtar å komma ut med sine historier, laga skrivegrupper, podcast, filmskaping. Fleire ytra at dei saknar det at adopterte kjem meir fram i media med sine historier, sett med «sine» auge. Alle må ikkje vera med på alt, men fint om dei som har kunnskap og interesse kan finna saman, evt. med støtte frå Adopterte.

Marilyn formidla at Adopterte som organisasjon må ta omsyn til personvern, økonomi og juridiske spørsmål, dersom historier skal delast og publiserast. Som privatpersonar er det fint om medlemmene vil leggja ut historier, forteljingar, m.m.

Forslaga kan også opplevast som eit press. Ikkje alle adopterte har det same behovet for formidling, eller har krefter til det.

Trå varsomt! kom også som eit innspel.

Vedtak: Styret tar med seg dei innspela som kom fram under årsmøtet og i debattane, og jobbar vidare med dette.

Forslag 2) A., A1., A2., A3. Sjå i årsmøtepapira.

Innlegg frå styremedlem som svar på innspel om lettare synleg organisasjon og tydelegare samarbeid mellom dei ulike adopsjonsorganisasjonar:

«Vi er interesserte i å samarbeide og formidler dette ut. Adopterte har veldig godt omdømme. Det arbeider vi for å holde oppe.»

Vedtak: Styret tar med seg dei innspela som kom fram under årsmøtet og i debattane, og arbeider vidare med dette.

Forslag 3) A., B. Sjå årsmøtepapira.

Om ettervern for adopterte, bl.a.

Medlem formidla at ho gjerne kunne dela sin kunnskap med Adopterte.

Vedtak: Styret tar med seg innspela som kom fram under årsmøtet og debattane, og arbeider vidare med dette.

Forslag 4) Sjå årsmøtepapira.

Dette er eit juridisk spørsmål. Marilyn grunngav kvifor styret i Adopterte innstilte på å avvise forslaget. Adopsjonslova er her tydeleg.

Vedtak: 15 støtta styret si innstilling. 1 stemte imot. Innstillinga frå styret blei vedtatt.

Forslag 5) Sjå årsmøtepapira.

Vedtak:

15 medlemmer støtta styret si innstilling 1 stemte mot. Innstillinga frå styret blei vedtatt.

VAL

Sak 13-21: Val av leiar.

Vedtak: Marilyn Førund er einstemmig valt til leiar for eitt-1-år.

Sak 14-21: Val av styre.

Vedtak: Alf Berg Henriksen er einstemmig valt som styremedlem for to-2-år.

Vedtak: Ruth-Heidi Grønbeck er einstemmig valt som styremedlem for to-2-år.

Styremedlem Ingeborg Høstmark Kroknes og Liv Irene Halden er ikkje på val dette året.

Val av vararepresentantar til styret.

Vedtak: Vidar Løtveit er einstemmig valt som vararepresentant for eitt-1-år.

Terje Magnussen Rege er einstemmig valt for eitt-1-år

Sak 15-21: Revisor.

Revisor Stig Arne Nilsen har sagt seg villig til å utføre revisjonsoppdraget kostnadsfritt for neste år også.

Årsmøtet støtter at revisor Stig Arne Nilsen blir valt for 2021.

Sak 16-21: Val av valkomité.

Forslag : Linn Krogh Hansen og Hans Günther Bonenberger blir valt for 1 år.
Gry Nordstrand blir valt for 2 år.

Vedtak: Valkomiteens innstilling er einstemmig vedtatt.

Ekstrasak 17-21: Årsmøtegjennomføring

Spørsmål: Ønsker du at årsmøtet skal avviklast digitalt i framtida?

16 stemmer for, 1 stemme imot.

Vedtak: Årsmøta blir gjennomførte digitalt i framtida.

Årsmøtet blei avslutta ca. klokka 15.15.

Førde, den 13.02.2021

Solveig Røynstrand
Solveig Røynstrand

referent

Hans Günther Bonenberger
Hans Günther Bonenberger

referent

Gry Nordstrand
Gry Nordstrand

Linda Bakke Jensen
Linda Bakke Jensen